

Vaksdal Kommune

Mogelighetstudien K 400 skule i Dale alternativ 1b og alternativ 2b

2015-05-04 Oppdragsnr.: 5150543



M 02	2015.04.04	Moglegheitsstudiet K400 skule i Dale	CaHof/ EsLSt/	AnKBo	AnKBo
Rev.	Dato:	Omtale	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Oppdraget	5
1.1.1	Moglegheitstudiet	5
1.1.2	Vurdering av egnetheit for Vaksdal skule	5
2	Dimensjonering og føringar	7
2.1	Arealprogram K 400	8
2.2	Uteareal	9
2.3	Parkering	9
3	Opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomskule.	10
3.1	Tomt	10
3.2	Solstudiar	11
3.3	Konsept for skulebygget	14
3.3.1	Generelle læringsareal, - trinnområda	14
3.3.2	Skulefritidsordning (SFO)	15
3.3.3	Spesialisert læringsareal	15
3.3.4	Andre fellesfunksjonar	16
3.3.5	Personal- og administrasjonsareal	17
3.3.6	Uteareal	17
3.3.7	Tilleggsfunksjonar	18
4	Ny kombinert barne- og ungdomskule på ny tomt i Dale	23
4.1	Tomt	23
4.2	Solstudiar	24
4.3	Konsept for skulebygget	27
4.4	Uteareal	29
4.5	Tilleggsfunksjonane	31
5	Vaksdal skule	32
6	Tilstandsvurderingar og kostnadar	34
6.1	Tilstandsvurdering	34
6.2	Kostnad	35
6.2.1	Alternativ 1b	35
6.2.2	Alternativ 2b	37
7	Oppsummering	39
8	Vedlegg	42

Samandrag

Norconsult er blitt beden om å dokumentere tilstand, trong for vedlikehald samt opprusting av skular og barnehagar i Vaksdal kommune. I tillegg skal tre hovudalternativ for framtidig skulestruktur utgreiast.

Denne rapporten tek føre seg dei to mogelighetstudia (alternativ 1b og 2b) for ein ny felles kombinertskule 1.-10. trinn på Dale med et elevtal på omkring 400.

Alternativ 1b – opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomsskule.

Alternativ 2b– ny kombinert barne- og ungdomsskule på ny tomt i Dale.

Dei to tomtene i studien har ulike kvalitetar som vi omtalar og vurderer i rapporten. Tilhøva for dagslys, lokalklima, avstand til sentrum og potensiale ved ei mogleg utviding av skuletomta er viktige moment i denne samanheng.

Tilstandsvurdering avdekkar alvorlege manglar og stort behov for oppgradering ved dei eksisterande skulebygga til Dale BU i dag. I arbeidet med å få til eit tilfredstillande skuleanlegg som oppfyller dagens lover og forskrifter, er det nødvendig med ei tung ombygging og opprusting av dei eksisterande bygga.

Grovkalkylane viser at ei opprusting av eksisterande bygg vil medføre kostnader nær standard for nybygg. Nytt skulebygg gjev store fordelar gjennom effektive trafikkareal ved bruk og drift i anlegget. I forminga av eit nytt skuleanlegg står ein friare til å designe gode fleksible undervisningsareal for varierende undervisning og pedagogikk. Eit nytt og moderne skulebygg vil vere framtidsretta og økonomisk gunstig sett over eit lengre perspektiv.

Mogelighetstudiet for eit elevtal omkring 400, baserar seg på at Vaksdal skule ivaretekast som barneskule.

1 Innleiing

Norconsult har i oppdrag frå Vaksdal kommune tidlegare laga eit mogelighetstudie for ein skule på Dale med kapasitet til å kunne ta i mot alle grunnskuleelevane i kommunen. Med eit elevtal på opp mot 600 kom det fram at dei aktuelle tomtane ikkje hadde eit tilfredstillande stort nok uteareal. Mogelighetstudien K600 følgjar som vedlegg til denne rapporten.

Med bakgrunn i konklusjonen i den første rapporten, satt Norconsult spørsmålsteikn ved om ein sentralskule for både barne- og ungdomskuletrinnet er den beste løysninga for Vaksdal kommune. Norconsult har difor råda kommunen til å sjå nærare på ei barne- og ungdomskule på Dale med eit lågare elevtal, der ein opprettheld Vaksdal skule for elevane som bur i denne skulekrinsen.

Ei vidareføring av Vaksdal skule vil gje Dale barne- og ungdomskule eit dimensjonerande elevtal rundt 400.

1.1 OPPDRAGET

1.1.1 *Mogelighetstudiet*

Norconsult har fått i oppdrag av Vaksdal kommune å utgreie to mogelighetstudiar for ein ny felles skule på Dale.

Alternativ 1b – opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomsskule.

Alternativ 2b – ny kombinert barne- og ungdomskule på ny tomt i Dale.

For begge alternativa er det og eit ønskje frå kommunen å få med tilleggfunksjonane for ppt , helsestasjon, kulturskule, bibliotek og konsertsal for inntil 120 personar.

1.1.2 *Vurdering av egnetheit for Vaksdal skule*

Ei nødvendig tilleggsoppgåve til moglegheitsstudiet er å vurdere i kva grad Vaksdal skule er eigna til vidare drift.

Kontaktperson i Vaksdal kommune har vore einingsleiar for samfunnsutvikling Willy-Andre Gjesdal.

Det har vore gjennomført synfaring av anlegga 5. februar og brukarmøte 2. mars.

Frå Norconsult har Arkitekt Pål Bjørkhaug og Espen Storstrand frå skuleseksjonen delteke.

Norconsult er gjort kjent med at Vaksdal kommune parallelt med vårt arbeid har sett i gang arbeid med ny skulebehovsplan. Moglegheitsstudiane vil kunne nyttast som grunnlagsmateriale i ein slik skulebehovsplan.



01: terrengsnitt og plassering av tomtane

2 Dimensjonering og føringar


Mogelighetstudiet for K 400-skule på Dale legg til grunn at Vaksdal skule vert vidareført. Med bakgrunn i forventa folketalsdel i Vaksdal-Sandvik-Tveitane-Jamne (AUD-rapport nr. 4.3-11) og faktisk elevtalsdel i perioden 2010 – 2014 (GSI-tal), er det i det vidare arbeidet lagt til grunn at 35% av elevane på barneskuletrinnet (1.-7.trinn), vil gå på Vaksdal skule.

Dersom elevdelen på Vaksdal skule viser seg å bli opp mot 39%, slik det vert antyda i AUD-rapporten og slik fordelinga er inneverande skuleår, vil dette ikkje gje større utslag enn omkring ein elev ekstra pr. trinn. Vi meiner difor at 35% vil gje eit godt bilete av korleis ein kan forvente at elevtalet blir i åra framover.


Endringa i prosentdel vil skje over fleire år, sidan det ikkje er noko som tyder på at nokon av dagens elevar vil slutte/flytte i løpet av dei næraste åra. Elevtalsframskrivinga for åra fram mot 2021 er difor basert på ei vidareføring av fakstiske tal, dvs. barn født og busett i skulekrinsen pr. 31.12.2014.

Inneverande skuleår er det 124 elevar på Vaksdal skule. Færrast elevar er det på 6. trinn med berre 5 elevar, medan det på 2. trinn er 29 elevar. I åra framover er det forventa at trinna vil ha eit elevtal mellom 14 og 23 elevar, tilsvarande ein klasse pr. trinn. Det store kullet på 29 elevar vil skulen ha til og med skuleåret 2019/20.

Med utgangspunkt i nemnde AUD-rapport og elevtalsframskrivinga slik den er presentert i rapporten Moglegheitsstudie K 600-skule, er elevane på 1. til 7. trinn fordelt med 35% til Vaksdal skule og 65 % til Dale BU.



02: Tabell :Elevtalsframskriving for hovudstega (barnetrinn og ungdomstrinn) for perioden 2016 til 2030, med utgangspunkt i SSB middelsalternativ. Elevane ved Vaksdal skule er ikkje inkludert.



03: Tabell: Elevtalsframskriving for elevar på 1.-7 trinn Vaksdal skule, basert på middelsalternativ frå SSB.

2.1 AREALPROGRAM K 400

SKOLETYPE:	K400	Pr.elev
GENERELT LÆRINGSAREAL:		
GENERELLE LÆRINGSAREAL	1 600	4,00
ELEVgardEROBAR/TOALETT	296	0,74
SFO-BASE	56	0,14
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:	1 952	4,88
SPESIELT LÆRINGSAREAL:		
SKULEKJØKEN	100	0,25
BIBLIOTEK	100	0,25
NATURFAG	100	0,25
MUSIKK	100	0,25
KUNST OG HÅNDVERK	280	0,70
SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL	680	1,70
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON		
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)	100	0,25
LÆRERARBEIDSPASSER M/STØTTEFUNKSJONER	250	0,63
MØTEROM	55	0,14
PERSONALROM	60	0,15
PERSONALgardEROBAR/TOALETT	50	0,13
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL	488	1,22
ANDRE FUNKSJONER:		
KANTINE	120	0,30
HELSE/PPT/LOGOPED	30	0,08
DRIFT OG LAGER	100	0,25
SUM ANDRE FUNKSJONER	250	0,63
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal	3370	8,43
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)	4 718	11,80
IDRETTSAREAL (SAL/GARD/BIROM)	350	0,88
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal	3740	9,35
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :	5 236	13,09
I bruttoareal inngår tekniske rom, veggtykkelser, gangareal m.m.		

Norconsult har utvikla eit arealprogram som tek utgangspunkt i nettoarealet. Brutto/netto-faktor dekkjer inn mellom anna tekniske rom, gangareal, vegger med meir. Arealprogrammet byggjer på erfaringstal frå andre kommunar, som Bergen, Oslo og Trondheim. Av desse kommunane ligg Norconsult sitt arealprogram nærast opp mot programmet som blir nytta av Bergen kommune.

04: Figur: Arealprogram for K400 (kombinertskule 1-10, med dimensjonert elevkapasitet opp til 400 elevar.

2.2 UTEAREAL

Det ligg ikkje føre sentralt gitte føringar for størrelse på, utforming av eller innhald i skulen sitt uteområde, men *Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler* (Helsedirektoratet 2014) gir anbefalingar for utforming av uteområdet. Anbefalinga gjeld mellom anna tryggleik, tilgjenge, organisering og størrelse. For nye skular er anbefalinga 15.000 m² for skular med meir enn 300 elevar, med eit tillegg på 25m² pr. elev over 300. Anbefalt uteareal for ein skule med 400 elevar blir med dette 17.500 m².

Tilleggsareal i rimeleg nærleik, som til dømes idrettsanlegg, skog og utmark, som skulen disponerer i skuletida, vil normalt kunne reknast med i arealet.

Utforminga av uteareale må fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også til organiserte aktivitetar mellom anna i undervisninga. Alle elevar må kunne nytte uteområdet.

2.3 PARKERING

Parkeringsanlegg og trafikkareal knytt til skuleanlegg kan vere arealkrevjande. For å vurdere i kva grad dei to tomtene er egna for ein ny skule er det også behov for å sjå på areal for parkering. Vaksdal kommune har ikkje rettleiar for parkering, og vi har ikkje greidd å finne føringar via gjeldande reguleringsplan for parkering på eksisterande skule.

Vi tar utgangspunkt i ny situasjon med eit auka elevtal der skulen skal byggjast som ein kombinertskule for 400 elevar (K400). Det blir teke høgde for at 36 tilsette skal opphalde seg samtidig på ein K400 skule. Sjølv om både eksisterande skuleomt og den alternative nye tomten ligg sentralt i Dale, antar vi at ein del tilsette også kjem køyrande utanfrå Dale. Med utgangspunkt i Bergen kommunes parkeringsvedtekt for 'Ytre by', bereknast minstekrav til tal på p-plasser å vere:

18 p-plasser for bil, der 1 av desse skal være p-plassar for rørslehemma (360 m²)

72 p-plassar for sykkel (91 m²)

3 Opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomskule.

3.1 TOMT

Skuletomta består av eidedomen 22/91 og ligg sentralt plassert ved Dale sentrum. Tomta har plassering og terrengform som gir gode soltilhøve og skjerming for kalde vinder frå nord og aust.

E16 og jernbanespor ligg like ved skuletomta og utgjør ei potensiell støykjelde. Ved ei eventuell ombygging av skulen på denne tomte bør det gjerast akustiske vurderingar om eksisterande støydempende tiltak er tilstrekkeleg gode, og om det eventuelt finnast andre støykjelder.

Tomten er utsett for potensielt kaldluftsdrag frå fjellsidene. Dei klimatiske tilhøva bør vurderast nærare i ein eventuelt vidare detaljering av skuletomta.



05: Foto Dale sett frå Krokavatnet med skulebygg foto Arnt Flatmo

Det eldste skulebygget er frå 1937. I eit historisk perspektiv har det vore naturleg med ei plassering av skule her, då det ligg nær bustadområda og i forlenging av sentrum i tettstaden.

Den sentrale plasseringa nær sentrum gjer skuletomta egna for fleirbruk, spesielt med tanke på utleige og bruk på ettermiddagar og helger. Det er gode tilkomstvegar inn til tomta og den ligg nær haldeplassar for buss og jernbane.

Uteområda til skulen er og ein ressurs for sentrum av Dale, samstundes som skulebygget vil vera eit viktig bygg for å forsterke eit tydelig sentrum av Dale.

3.2 SOLSTUDIAR

Tettstaden Dale ligg omkransa av høge fjell. Solstudiar av skuletomta viser at den har ei god plassering for å dra nytte av dagslys i skuletida, i dei periodane lyset er tilgjengeleg over dei høge fjelltoppane.


Solen er viktig element for opplevinga av uteområda til ein skulen.



Sommer 09:00 (UTC +1)



Sommer 12:00 (UTC +1)




Sommer 15:00 (UTC +1)



Høst 09:00 (UTC +1)



Høst 12:00 (UTC +1)




Høst 15:00 (UTC +1)

Sol dukker opp

Sol forsvinner

1. Mars



11:10 - 15:00 (UTC +1)

1. April



09:45 - 16:30 (Sommertid UTC +2)

1. Mai



08:30 - 17:00 (Sommertid UTC +2)


06: illustrasjon solstudiar

3.3 KONSEPT FOR SKULEBYGGET

Barneskulebygget frå 1937 er det eldste bygget. Areala i denne delen gir eit vanskelig utgangspunkt for omforming til nye planløysningar for moderne trinnareal. Gangareal og bæring i bygget, samstundes med vertikale tilluftkanalar og ein smal bygningskropp mellom anna vil gjera kostnadane for ein tilfredstillande ombygging svært høge .

Ved eit elevtal på 400 vil det vera færre elevar på barneskuletrinna. Me meiner den beste løysinga for skulen her vil vera å rive barneskulebygget me den gamle gymsalen og bygget eit kompakt tilbygg som romma mellom anna trinnareal for barneskulendelen. Denne løysinga gjer det mogleg med eit mindre avtrykk av bygget på tomta, som igjen gir eit samla større uteareal.

Tilbygget gjer det mogleg å samle heile arealet for kvart trinn i same plan. Elevtal på trinn kan variera stort frå år til år det er difor ein fordel at trinnareal ligg nær kvarande med ein fleksibilitet for å utvide/minske areala til trinn.



07: 3d illustrasjon av volum for nytt bygg (blå farge) og eksisterande bygg (grå farge)

Ei beskriving av dei eksisterande bygga ved Dale BU er teken med som vedlegg til denne rapporten.

3.3.1 *Generelle læringsareal, - trinnområda*

Det er viktig å finne gode løysningar i høve til plassering av dei sentrale funksjonane slik at minst mogleg tid går med til å flytte på seg. Samstundes må ein unngå at det blir unødvendig trafikk i skuleanlegget då dette ofte medfører støy og andre formar for uro.

På trinnivå er det viktig at elevar på same trinn, som skal samarbeide i skulekvardagen, er plassert i same del av skuleanlegget. Avstand til grupperom, garderober og toalett må vere kort. Likeeins bør det ikkje vere lengre avstand enn naudsynt til spesialiserte læringsareal og fellesareal.

I ny K400-løysning (kombinertskule dimensjonert for omkring 400 elevar) er det lagt opp til å halde dei ulike hovudstega (småsteget, mellomsteget og ungdomssteget) mest mogleg samla.

Småsteget (1. - 4. årssteg)

Trinna på småsteget får sine trinnområde i nye Barneskulebygget. Fyrstetrinn er tenkt inn i 1. etasje saman med SFO, og det leggst opp til noko sambruk av areal for dei to funksjonane. I trinnarealet blir det tilgang på fleire klasserom og grupperom. Elevane får lett tilgang til og frå uteområdet gjennom garderobeområdet i aust-enden av bygget. Elevtoaletta for elevane på fyrstetrinn blir lokalisert ved garderobane, slik at dei er tilgjengeleg også frå uteområdet. Elevane vil nytte dei same garderobane og toaletta på SFO og i skuletida.

2. til 4. årssteg vil ha sine trinnområde i 2. etasje i nye Barneskulebygget. Det blir tilgang til fleire klasserom og grupperom i kvart heimeområde. Kvart årstrinn får eigne desentraliserte garderobar og toalett.

Mellomsteget (5. – 7. årssteg)

Elevane på 5. til 7. årssteg får trinnområde i 3. etasje av nye Barneskulebygget. Kvart trinnområde får eigen garderobe med toalett plassert ved inngangen til arealet. Eit ekstra undervisningsareal/klasserom blir gjort tilgjengeleg i 2. etasje. Dette for at skulen skal ha noko fleksibilitet i skuleår med ekstra stort årskull.

Ungdomssteget (8. – 10. årssteg)

Ungdomsskule får alle sine trinnområde i Ungdomsskulebygget. Eit årstrinn i 1. etasje og to trinn i 2. etasje. Alle trinnområda vil ha tilgang til klasserom og tilhøyrande grupperom. Trinna vil få desentraliserte garderobar med toalett.

Frå trinnområda vil det vere kort avstand til dei spesialiserte læringsareala som blir nytta i dei praktisk estetiske faga. Det blir lagt opp til at ordninga med kroppsøving for ungdomsskulen i idrettshallen vil halde fram som i dag.

3.3.2 Skulefritidsordning (SFO)

SFO vil få base i 1. etasje av nye Barneskulebygget, i enden mot ny vestibyle. SFO vil og kunne nytte sjølve vestibyleområdet, musikkavdelinga og trinnområda for dei lågaste trinna. Det leggst opp til at elevane skal nytte dei same garderobane og toaletta på SFO og i skulen.

Frå SFO-basen og vestibylen blir det lett tilgang til og frå uteområdet. Ein slik sentral plassering gjer også hente- og bringesituasjonen for føresette lettvinnt.

3.3.3 Spesialisert læringsareal

Dei spesialiserte læringsareala nyttast i hovudsak av elevane på mellom- og ungdomssteget. Det er difor viktig at dei spesialiserte læringsareala ligg i nærleiken av trinnområda (klasseromma) for dei eldste årsstega slik at minst mogleg tid går med til å flytte på seg mellom areala.

Areal for mat og helse (skulekjøken)

Skulekjøkenet flyttast frå dagens lokalar i Ungdomsskulebygg til ei meir sentral plassering i Realfagbygget. Dette vil gje plass til eit større trinnområde i ungdomsskulebygget, samstundes som skulekjøkenet blir lettare tilgjengeleg for elevane på mellomsteget.

Spesialisert areal for musikk

Musikkrom blir etablert i 1. etasje i Realfagbygget der det i dag er datarom og kontorar for vaktmeister. Her blir det plass til eit undervisningsrom, eit mindre øvingsrom og areal for lagring av

utstyr/instrumentar. I ny vestibyle att med musikkavdelinga blir det areal/rom for musikalske framføringar og liknande. Det blir lagt opp til sambruk med kulturskulen av desse areala.

Spesialisert areal for kunst og handverk

Avdeling for kunst og handverk får i hovudsak same plassering som i dag, i første etasje i Ungdomsskulebygget. Her er det lett å kome til med levering av utstyr og materiell til avdelinga. Areal for keramikk, male og myke materialar blir flytta til vestsida av bygget for å få ei betre arealutnytting.

Spesialisert areal for naturfag

Naturfagsalen flyttast frå dagens plassering til motsett ende i Realfagbygget. Dette for å få ei betre generell arealutnytting for trinnareala på mellomsteget, og for å gje bygget betre funksjonalitet. Med denne plasseringa kjem naturfagareala nærare trinnareala for ungdomsskulen, og dermed lettare tilgjengeleg for dei.

Spesialisert areal for kroppsøving

Gymnastikksalen att med symjehallen blir rehabilitert og barneskulen får undervisning i kroppsøving her. Gymsalen blir og oppgradert slik at den også kan fungere som kultursal på ettermiddags- og kveldstid. Den gamle gymnastikksalen i enden av barneskulebygget blir fasa ut. Elevane på ungdomsskulen vil halde fram med å ha kroppsøving i idrettshallen.

3.3.4 Andre fellesfunksjonar

Vestibyle, vrimeareal

Det blir lagt opp til at skulen får to vestibyleområde. Dagens vestibyle ved Ungdomsskulebygget blir utvida slik at den i framtida og kan nyttast som kantineområde. Området kan nyttast av både elevar og tilsette i løpet av skuledagen, og av brukarar av gymsal og symjehall på ettermiddagstid og i helgene.

I nybygget mellom Realfagsbygget og nye Barneskulebygget kjem det ei ny vestibyle. Plasseringa mellom desse bygga gjer at arealet her vil vere særleg lett tilgjengeleg for barnetrinnet. Vestibylen får eit vrimeareal som er tenkt nytta i sambruk mellom skule, kulturskule, SFO og skulebibliotek. Det er også tenkt inn ein «læringstrapp» i dette vestibylearealet, slik at større og mindre elevgrupper kan samlast her for framføringar, fellesundervisning, førestillingar og anna.

Skulebibliotek

Skulebiblioteket blir etablert i eit avgrensa område i den nye vestibylen ved Barneskulebygget. Det blir lagt opp til sambruk av gruppebord, sofakrok o.a. møblement i vestibylearealet, medan sjølve boksamlinga kan opnast og lukkast etter behov.

Kantine

Vestibylearealet ved ungdomsskulen blir utvida og teke i bruk som kantineområde. Eit lite kjøken som kan betene kantina blir etablert i tilknytning til dette arealet. Skulekjøkenet vil liggje att med kantineområdet i 2. etasje. Det blir difor kort veg å transportere mat frå skulekjøkenet til kantina dersom det blir aktuelt.

Auditorium

Skulen sitt eksisterande auditorium i underetasjen på Ungdomsskulebygget blir rehabilitert og vidareført som auditorium.

3.3.5 Personal- og administrasjonsareal


Personal- og administrasjonsareal blir samla ved vestibulen i nybygget, lærararbeidsplassar i 3. etasje av Realfagsbygget og personalrom og i 2. etasje. Møterom, toalett og personalgarderobar, pauserom og andre støttefunksjonar blir etablert i same bygg. Administrasjonen med støttefunksjonar, helsetenesta og PPT vil og ha kontorar i det same bygget.

3.3.6 Uteareal

Tilgjengelig opphaldsareal ute innanfor tomtegrensa er 12.490 m², når areal for bygg er trekt ifrå. Etter fråtrekk av berekna trafikkareal for parkering utgjer egna opphaldsareal ute 12.130 m².

Me vurderer det slik at anna areal som kan nyttast er park- og naturområdet på haugen like nord for skulen. Dette arealet har attraktive kvalitetar for opphald ute og det har ei akseptabel avstand ifrå skulen (<200m).

Ved å innlemme desse areala vert tilgjengelig opphaldsareal ute 16.630 m².



08: Tilleggsareal skuletomt alt. 1

Areal som er egna for opphald ute er framleis noko mindre enn anbefalinga frå Helsedirektoratet, og med eit knapt uteareal er det behov for at det vert godt utnytta i si utforming. Det bør utformast slik at flest mogleg av barna kan leike og vere aktive samtidig. Element som kan nyttas av mange samtidig vil vere positivt. Med ei potensiell intens bruk vert det også avgjerande å vektlegge kvaliteten på utomhusanlegget, ved val av material og dekker som har god slitestyrke.

Terrenget på den eksisterande skulen er i hovudsak flatt, men har eit meir kupert område lengst nord som i dag blant anna vert nytta som akebakke. Den flate tomte er eit godt utgangspunkt for universell utforming av skulens uteareal. Samstundes er det positivt for elevanes motoriske utfolding at areala ute er varierte og har områder som er meir kupert. Ved ei detaljutforming av skuleanlegget kan dette løysast på ei god måte slik at begge hensyn blir ivaretatt.

Tilhøyrande kvartalet for skuletomta er nokre tomtar med bustader. Vi ser eit potensiale for ein mogleg framtidig utviding av skulen ved at desse tomtane kan innlemmast. Det må i så fall skje ei ekspropriering av desse tomtane.

Tomtas arealknapphet legg føringar i høve til at det vert behov for å etablere kompakte løysingar både ved utforming av skulens trafikkareal og opphaldsareal. Med mål om at skulen skal ha mest mogleg egna opphaldsareal ute bør areal for bil og varelevering trekkast kortast mogleg inn på tomta.

Opphaldsareala ute vil bli utforma med ei soneinndeling, med områder for roleg leik og meir aktiv leik. Områda som frå skulebygget er lettast tilgjengeleg for dei yngre elevane bør utformast spesielt med tanke på aktivitetar og leik for denne elevgruppa, og tilsvarande for områda som er lettast tilgjengeleg for dei eldre elevane. Klimavurderingar er også eit viktig moment i høve til vurdering av plassering av dei ulike sonene.

Utforminga skal fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også til organiserte aktivitetar mellom anna i undervisninga. Alle elever må kunne nytte areala ute.



09: Foto frå eksisterande Dale BU akebakke i nordlige del av tomta

3.3.7 Tilleggsfunksjonar

Areal for andre tenestetilbod

I oppgåveskildringa frå Vaksdal kommune heiter det seg at det i Nye Dale barne- og ungdomsskule skal vere plass til følgjande tenestetilbod:

- PPT
- Helsestasjon
- Kulturskule
- Folkebibliotek
- Konsertsal for inn til 120 personar

I møte med Vaksdal kommune tysdag 3. februar 2015, kom det fram at det ikkje er eit absolutt krav at alle dei over nemnte tenestetilboda skal ha plass i den nye skulen. Det er likevel eit klart ønskje om at flest mogleg av desse funksjonane blir samla her.

PPT (pedagogisk psykologisk teneste)

PPT får lokale i 3. etasje av Realfagbygget. Avdelinga blir lokalisert saman med helsestasjonen og vil bestå av kontorar og møterom. Andre funksjonar som til dømes resepsjon, pauserom, garderober og toalett blir felles med skulen.

Vi har arbeida utifrå eit berekna areal på 30 m² til PPT

Helsestasjon

Helsestasjonen får lokale i 3. etasje av Realfagbygget. Helsestasjonen får kontor til helsesøster og lege, venterom og toalett. Andre funksjonar som pauserom, garderobe og toalett for tilsette blir felles med skulen. Helsestasjonen lokaliserast saman med PPT.

Vi har arbeida utifrå eit berekna areal på 30 m² til helsestasjon

Kulturskule

Lokalar for Kulturskulen blir i hovudsak basert på sambruk med skulen. I tilknytning til musikkavdelinga i 1. etasje i Realfagsbygget får kulturskulen lagerplass og øvingsrom. Gymsal og ny vestibyle vil kunne nyttast til mellom anna framføringar og førestillingar.


Lærarar i kulturskulen vil få arbeidsplassar i personalavdelinga.

Konsertsal for inntil 120 personar


Det vil ikkje vere plass til eigen konsertsal innanfor eksisterande bygningsmasse ved Dale BU. Mangelfullt uteareal gjer at nybygg heller ikkje vil vere ei løysning. Vi ser difor for oss ein sambruksløysning der gymsalen også skal kunne nyttast som konsertsal. Gymsalen har ein stor scene, og det er plass til førebuingssrom og artistgarderobe på baksida av scenen. Lokaliseringa er god i høve til tilkomst, både for publikum og aktørar. Vestibylen og ny kantine att med gymsalen er også godt egna som «mingleområde» når salen blir nytta i samband med kulturarrangementer.

Bibliotek

Det vil ikkje vere mogleg å setje av areal for folkebibliotek innanfor eksisterande bygningsmasse ved Dale BU. Mangelfullt uteareal gjer at nybygg heller ikkje vil vere ein løysning. Vaksdal kommune må difor finne ein annan lokalisering for folkebiblioteket.



10: Illustrasjon 1.etasje



11: Illustrasjon 2. etasje



12: Illustrasjon 3. etasje



13: Illustrasjon U.etasje

4 Ny kombinert barne- og ungdomskule på ny tomt i Dale

4.1 TOMT



14: Foto av ny tomt tatt frå industribygg nord for tomta

Alternativ 2 i mogelighetstudiet er på ei ny tomt nede ved Daleelva. Skuletomtene består av eigedomene 22/679 og 22/710 som er delvis sentralt i Dale og med gangavstand til BKK-hallen. Tomtane utgjør til saman eit areal på omkring 13700 m².

Daleelva gir tomta ei tydeleg historisk forankring, og vatn er eit attraktivt element i høve til barnas leik og læring. Det kan invitere til aktivitet og vatnet i elva kan reflektere lys der det elles er skugge. Elva har og nokre utfordringar knytt til klimatiske tilhøve og tryggleik.

Vind følgjer elva og skuletomta ved elva kan være særlig eksponert for kald luft. Drag med kaldluft følgjer vanlegvis flomsoner og gir kaldluftsoner eit stykke innanfor elvebredda. Det er utarbeida flomrapport for området. Vurderingar og eventuelle tiltak i høve til flomsikring eller demping av kuldedrag bør vektleggast i ei eventuelt vidare detaljering av skuletomta.

E16 passerer like ved skuletomta og utgjør ein potensiell støykjelde. Tomten har ei naturleg skjerming mot vegen ved at den ligg på eit lågare nivå i landskapet. Elva vil også vere ei potensiell støykjelde. Tilhøve knytt til støyproblematikk bør vurderast vidare av akustikar i ei eventuelt detaljering av ny skule her.


Det bør vurderast å avsette areal langs elva for å sikre mogligheit for en samanhengande gangforbindelse langs elva. Det vil også vere nødvendig å vurdere behov for eventuelle tryggingstiltak mellom uteopphaldsareal for skulen og elva. Dette bør vektleggjas spesielt i høve til dei soner der dei minste barna oppheld seg.

4.2 SOLSTUDIAR


Det blir antatt at kaldluftsdrenasje frå fjellsidene er ei utfordring. Solstudiar av skuletomta viser at den har ei mindre god plassering enn eksisterande skuletomt for å dra nytte av dagslys i skuletida, i dei periodane lyset er tilgjengeleg over dei høge fjelltoppane. Eit rått klima ved elva vil kunne forsterke kulda på ei skuggefull tomt.

Berekninga i kap. 4.3 synar at areal som er egna for opphald ute, framleis er noko mindre enn anbefalinga frå Helsedirektoratet. Det er avgjerande for ei skuletomt med knapt areal at arealet har god kvalitet, og ei plassering av skule nær Daleelva verkar utfordrande

Vi har fått opplyst av Vaksdal kommune at kommunen eige tomt 22/710. Tomta har vore avsett til idrett og kulturformål. I gjeldande reguleringsplan for tomt 22/679 er tomta regulert til industriformål. Tomtene må regulerast om dersom dei skal nyttast til framtidig skuletomt.




Sommer 09:00 (UTC +1)



Sommer 12:00 (UTC +1)




Sommer 15:00 (UTC +1)



Høst 09:00 (UTC +1)



Høst 12:00 (UTC +1)




Høst 15:00 (UTC +1)

Sol dukker opp


Sol forsvinner

1. Mars



13:20 - 16:20 (UTC +1)

1. April



11:40 - 17:40 (Sommertid UTC +2)

1. Mai




08:30 - 17:50 (Sommertid UTC +2)

15: illustrasjon solstudiar


4.3 KONSEPT FOR SKULEBYGGET

Nybygget er plassert slik på tomta at det ikkje skal gje skygge til dei gode uteareal i skuletida. Vi ønskjer at uteareal for elevane skal vera bilfrie. Bygningen ligg med ein klar framside for elevane med direkte inngang til trinnareal frå uteareal søraust på tomta. Bygningen skal funger som eit skilje mellom bilfriside ut mot uteareal og bilsida ved tilkomstveg i nordaust. Området nordaust har avsett areal for parkering, varelevering og avsetningsplass for skuleskys.


Dei same hovudprinsippa for innhald i funksjonane og plassering av dei er lagt til grunn i alternativ 2 som i alternativ 1. Det vil seie at barnesteget med SFO er samle i eine enden av bygget, ungdomssteget i andre enden og administrasjon- og personalområde ved fellesareala sentralt i anlegget.



16: Illustrasjon 1.etasje



17: Illustrasjon 2..et



18: Illustrasjon 3.etasje



19: Illustrasjon U.etasje

4.4 UTEAREAL

Tilgjengelig opphaldsareal ute innanfor tomtegrensa er 12.400 m², når areal for bygg er trekt ifrå. Etter fråtrekk av berekna trafikkareal for parkering utgjør egna opphaldsareal ute 12.040 m².

Me vurderer det slik at anna areal som kan nyttast er parkområdet på haugen nord for fabrikkhallen. Dette arealet har attraktive kvalitetar for opphald ute og det har ei akseptabel avstand ifrå skulen (<200m).

Ved å innlemme desse areal er tilgjengelig opphaldsareal ute 16.340 m²



20: Tilleggsareal skuletomt alt.2

Areal som er egna for opphald ute er framleis noko mindre enn anbefalinga frå Helsedirektoratet. Arealet ute bør ha gode klimatiske forhold. Med eit knapt areal er det også behov for at det vert godt utnytta. Det bør utformast slik at flest mogleg av barna kan leike og vere aktive samtidig. Element som kan nyttas av mange samtidig vil vere positivt. Med ei potensiell intens bruk vert det også avgjerande å vektlegge kvaliteten på utomhusanlegget, ved val av material og dekker som har god slitestyrke.

Terrenget på den eksisterande skulen er i hovudsak flatt. Den flate tomta er eit godt utgangspunkt for universell utforming av skulens uteareal. Samstundes er det positivt for elevanes motoriske utfolding at areala ute er varierte og har områder som er meir kupert. Ved ei detaljutforming av skuleanlegget kan dette løysast på ei god måte slik at begge hensyn blir ivaretatt.

Tomta er omkransa av Daleleva, jernbana, vegar og eit viktig kulturhistorisk bygg, og vi ser ikkje godt potensiale for ei framtidig utviding av skulen.

Tomtas arealknapphet legg føringar i høve til at det vert behov for å etablere kompakte løysingar både ved utforming av skulens trafikkareal og opphaldsareal. Med mål om at skulen skal ha mest mogleg egna opphaldsareal ute bør areal for bil og varelevering trekkast kortast mogleg inn på tomta.

Opphaldsareala ute vil bli utforma med ei soneinndeling, med områder for roleg leik og meir aktiv leik. Områda som frå skulebygget er lettast tilgjengeleg for dei yngre elevane bør utformast spesielt med tanke på aktivitetar og leik for denne elevgruppa, og tilsvarende for områda som er lettast tilgjengeleg for dei eldre elevane. Klimavurderingar er også eit viktig moment i høve vurdering av plassering av dei ulike sonene.

Utforminga skal fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også til organiserte aktivitetar mellom anna i undervisninga. Alle elever må kunne nytte areala ute.

4.5 TILLEGGSFUNKSJONANE

Hele stasjon for skulen og ppt er teke med i det nye bygget. Vi har foreslått eit areal på ca. 30 m

I planane vedlagt denne studien har vi skissert ein mulighet for at folkebiblioteket kan inngå som delar av vrimleareal i fellesareal i skulebygget. Ein ser då føre seg at folkebiblioteket er del av skulebiblioteket.

5

Vaksdal skule



21: foto av eksisterande Vaksdal skule



22: kartutsnitt over tomt for Vaksdal skule

I moglegheitstudien for ein mogleg framtidig K600-skule på Dale, vart det konkludert med at dei to aktuelle tomtealternativa ikkje ville vere store nok for ein skule dimensjonert for opp mot 600 elevar.

Vaksdal skule er den største barneskolen (1.-7. trinn) i Vaksdal kommune. Om ein ser bort frå Eksingedalen skule, er Vaksdal skule også den skulen som geografisk ligg lengst unna Dale. Det har difor vore naturleg å vurdere vidare drift ved Vaksdal skule slik at arealbehovet for skulebygg og tomteareal på Dale vert redusert.

I dette kapittelet vurderer vi i kva grad Vaksdal skule vil vere egna for vidare drift.

Elevtalet har vore stigande ved Vaksdal skule dei seinaste åra. Frå 2010 har talet på elevar auka frå ca. 100 til ca. 125. Det er venta at elevtalet vil fortsette å auke i åra framover. Noko innvendig oppussing og rehabilitering er gjort de seinare åra, men hovudintrykket er likevel at skuleanlegget har eit betydelig vedlikehaldsetterslep.

Dagens organisering, der undervisninga er delt over to bygg, kan ikkje seiast å vere ein ideell situasjon for skulen. Ein slik delt løysning vil vere til hinder for samarbeid og samhandling i skulekvardagen, både for elevar og lærarar. I paviljongen finn vi dei største klasseromma, og dei beste garderobetilhøva. Kva for årssteg som skal ha klasserom her kan i liten grad bestemast ut i frå pedagogiske og sosiale omsyn. I staden er det dei største klassene med flest elevar som må ha klasserom her. Skulen ville truleg valt å ha heimeområder for 1. og 2. årssteg her.

Lærarane som underviser i paviljongen har både arbeidsplassane sine og pauserom der. I ein hektisk skulekvardag kan det kan vere praktisk med denne nærleiken til undervisningsareala, men lærarane har også behov for både formelle og uformelle møteplassar med resten av kollegiet. Eit slikt behov blir mindre ivarettatt med dagens delte løysning.

Paviljongbygget sett eit stort avtrykk på skuletomten, og uteområdet er langt mindre enn anbefalt norm. Dagens ordning med delt undervisning på to bygg kan heller ikkje seiast å vere ein ideell eller framtidsretta løysning. På sikt bør man difor søke å rive paviljongen og erstatte areala med utviing av hovudbygget.

Under føresetnad av at anlegget rustas opp og settast i forskriftsmesseg stand, vil skulen kunne drives vidare med ein klasse pr. årssteg. Det leggst også til grunn at skulen fortsett kroppsøvingsundervisninga i same areal som i dag. Areal i paviljongen som i dag disponerast av ungdomsklubben bør gjerest om til undervisningsareal så lenge dette bygget er i drift og ein del av skuleanlegget.

Uteområdet bør rustast opp, og om mulig utvidast slik at eit større areal blir tilgjengeleg for leik, undervisning og andre uteaktivitetar.

Ein barneskule for 150 elevar bør ha eit bruttoareal ekskl. idrett på om lag 2000 m².

Beskriving og tilstandsvurdering av Vaksdal skule følgjer vedlagt.

6 Tilstandsvurderingar og kostnader

6.1 TILSTANDSVURDERING

Norconsult har utarbeida tilstandsvurderingar for Dale BU og for Vaksdal skule.

Tilstandsvurderinga av Dale barne og ungdomskule avdekkar ei svært dårlig tilstand på alle dei eksisterande bygga. I mogelighetstudien for K400-skule med bruk av eksisterande areal på tomten, må ein rekne med kraftig ombygging og opprusting av dei fleste eksisterande areala.

Dette mogelighetstudiet fortusett at Vaksdal skule videreførast som barneskule i kommunen. I tilstandsvurderinga for Vaksdal skule er det gjort ein kalkulering for opprusting av skulen. Denne kalkuleringa må takas med i ein total kostnad ved begge alternativa i dette mogelighetstudiet.

Mogelighetstudiet som nyttegjør eksisterande bygg, må sjåast i samanheng med tilstandsarbeidet og dei konklusjonar som blir gjort der.

Fullstendige tilstandsvurderingar av dei to aktuelle skulane er lagt med som vedlegg til denne rapporten.

6.2 KOSTNAD

Det er utarbeida grovkalkyle for dei to alternativa .

23: Figur kalkyle for alternativ 1b og alternativ 2b



KALKYLE K 400 Dale BU

Kostnadsanslag alternativ 1b	m ²	kr pr m ²	Prosjektkostnad (NOK)
Rivekostnadar* barneskule med gymbygg	2 662	1 474	3 923 362
Oppussing/ lett ombygging symjehall	1 068	10 000	10 680 000
Tung ombygging barne- og ungdomskule m gymsal	4502	25 000	112 550 000
Nybygg*** barneskuledel	1880	28 494	53 568 720
Utandørs****	12490	1 090	13 614 100
Brakkerigg***** i anleggsfasen			3 600 000
Sum Prosjektkostnad			194 336 182

Kostnadsanslag alternativ 2b	m ²	kr pr m ²	Prosjektkostnad (NOK)
Nybygg*** barneskuledel	1 602	28 494	45 647 388
Nybygg** ungdomskuledel	3 309	28 864	95 510 976
Utandørs****	12 400	1 090	13 516 000
Sum Prosjektkostnad			154 674 364

Tilleggskostnadar alternativ 2b	m ²	kr pr m ²	Prosjektkostnad (NOK)
Rivekostnadar* delar av eksisterande skule	3 786	1 474	5 579 958
Tung ombygging fleirfunksjonar i eksisterande bygg	3 290	25 000	82 240 000
Oppussing/ lett ombygging symjehall	1 068	10 000	10 680 000
Sum Prosjektkostnad			98 499 958

Prosjektkostnad inkluderer alle tiltak i prosjektet utenom løst inventar, samt evt. tomtekjøp.

Kostnader baserer seg på erfaringspriser og statistiske kostnader fra Norsk Prisbok 2015 01

* Riving

Riving, forberedende arbeider

** Nybygg Ungdomskule

Ungdomsskule, kompakt 4 etasjer

***Nybygg barneskule

Barneskule, 3 etasjer

****Utandørs

Utandørs skolebygning, skolebygg

*****Brakkerigg


Utgangspunkt 150 000,- kr leie i mnd. i en anleggsperiode på 2 år

Prosjektkostnad inkluderer MVA, alle tiltak i prosjektet utenom løst inventar og evt. tomtekjøp.


6.2.1 Alternativ 1b

Tilstanden på dei eksisterande bygningane ved Dale- barne og ungdomskule krev ein omfattande opp gradering for å tilfredstillast krav til moderne skulebygg. Eit tilbygg med felles vringleareal og

areal for barneskuletrinna, samlar skulen. Den nye løysinga gir ein meir kompakt og driftsmesseg økonomisk bygnad.



24: Figur tilbyggdel 1. etg



25: Figur tilbyggdel 2. og 3. etg

I studiet for eit elevtal på 400 har vi sett på mogelighetene for ein effektiv planløysing ved bruk av store delar av eksisterande areal. Barneskulebygget er den eldste delen av skulen og i vår vurdering areal som bindar planløysinga og gjer det vanskelig å få til gode trinnareal. For å kunne samle undervisningsareal for eit trinn i same plan har vi vald i dette studiet og rive barneskulebygget med gymbygg.

Dei resterande areal som kan nyttetøvas til undervisningsareal er vist i kalkylen med tung ombygging. (Ombygging klasse 3) av skulebygget. Dette inneber mellom anna riving av himling, vegg, golvbelegg, elektrisk, varme, ventilasjon og sanitær og ny rominndeling med nye overflater og nye tekniske anlegg.

Nybygget innhald funksjonar for barneskuletrinn og nokre fellesareal i tillegg til administrasjon.

For kalkylen over alternativ 1 har vi tatt med leiekostnader ved ein brakkerigg i ombygingsperioden. Vi har tatt med ein estimert ombygingsperiode over 2 år.

6.2.2 Alternativ 2b



26: Figur over ungdomsskuledel og barneskuledel for dei ulike plana som brukt i kalkylen.

I kalkylen for alternativ 2b er det tatt med nybygg fordelt på ungdomskuledel og barneskuledel. på ny tomt.

Areala for nybygget i alternativ 2b er i kalkylen fordelt etter areal i ungdomskuledel med spesialrom og barneskuledelen. I kalkylen er det ikkje tatt med eventuelle kostnader i forbindelse med tomtekjøp og omregulering.

I kalkylen har vi som i mogelighetstudiet for ein K 600, lagt til ein tilleggskostnad for alternativ 2b for eksisterande skuleanlegg. Me har tatt med i kalkylen ei rivekostnad på realbygget, barneskulen og det eldste gymbygget. Tung ombygging har me kalkulert for ungdomskulebygget. Areala her

med felles hovudinngang for symjehallen kan vera alternative areal for andre felles tilbod i kommunen.

Ved ein eventuell ny skule på ny tomt bør kommunen vurderer desse kostnadane opp mot riving av alt eksisterande skuleareal.

Symjehallen ser me for oss hovudsakleg ein oppussing / lett ombygging. Dette er tatt med som eiga post i kalkylen og er lik i både alternativa. Kategorien oppussing/ lett ombygging inneberer at lokalane brukas hovudsakelig som i dag. Små omgjeringsar, reparering og tilpassing himling og golv, nødvendige utskiftingar, nokon tilpassing av vvs- og el-anlegg.

7

Oppsummering

I dette moglegheitsstudiet har vi sett på to ulike alternativ for framtidens skule på Dale. For begge alternativa er det lagt til grunn at barneskulen på Vaksdal vert oppretthalde. Skulen på Dale vil vere ein kombinert barne- og ungdomskule. Dale BU vil fungera som felleskule for alle ungdomsskulelevane i kommunen.

Med grunnlag i folkeframskrivingstal (MMM) frå Statistisk sentralbyrå pr. februar 2015, har vi lagt til grunn at ein framtidig fellesskule for ungdomstrinnet i Vaksdal kommune og med barnetrinnet må ha kapasitet til å ta i mot omkring 400 elevar.

Tomt og uteareal

Areal som er egna for opphald ute er noko mindre enn anbefalinga frå Helsedirektoratet for begge alternativa. For skulealternativ 1b utgjer manglande areal 870m^2 og for skulealternativ 2b utgjer det 1.160m^2 . Dette meiner vi er akseptabelt dersom ein set fokus på kompenserande tiltak som gjer at skulens areal ute har gode kvalitetar for sin funksjon.

Klimatiske tilhøve er ein viktig faktor. Solstudiane viser at skulealternativ 1b har ei betre lokalisering for å dra nytte av sol- og dagslys i skuletida. I dei periodane sola er framme mellom dei høge fjelltoppane, er det tomta for alternativ 1b som drar mest nytte av sollyset.

Eit potensielt rått klima ved elva vil og kunne forsterke kulda på ei meir skuggefull tomt for skulealternativ 2b.

Ved ei eventuell framtidig vekst i elevtalet vil skulealternativ 1b ha eit betre potensiale for utviding av skulebygget enn alternativ 2b. Tomta sør for sentrum er avgrensa av elva, jernbaneskiner og garnfabrikken. Pr. i dag er det ikkje mogleg å sjå føre seg at tomta i framtida kan utvidast.

Eksisterande tomt har og sine klare avgrensingar, men med langsiktig planlegging og oppkjøp av nabotomter, kan det vere mogleg med ei utviding dersom det vert nødvendig ein gong i framtida.

Ei framtidig skule på eksisterande tomt gjev eit meir komplett skuleanlegg for fleire av skuleelevane, ettersom tomta har symjehall og gymnastikksal for dei yngste elevane. Den eksisterande skuletomta si sentrale lokalisering gjev også enklare tilkomst for fleire av skulens elevar. Det at dei yngste elevane får tilgang til symjehall og idrettsareal innan skulebygget er positivt både i høve til trafikktryggleik og tidsbruk.

Kostnader

Ein samanlikning av dei to alternativa viser at det ikkje er store skilnader i høve til kostnader for gjennomføring. Dette skuldast at tilstanden på dei eksisterande bygga vert vurdert som dårleg, og omfattande utbetringar må påreknast for å setje anlegget i tilfredsstillande teknisk stand. I tillegg vil

det vere nødvendig med omfattande ombygging og tilpassing for at skulebygget skal få ei tilnærma tidsriktig utforming.

Pedagogisk funksjonalitet

Ei rehabilitering og ombygging av eksisterande skuleanlegg i tråd med moglegheitsstudiet vil føre til ein vesentleg betring av skuleanlegget sett i eit pedagogisk perspektiv. Fleire av funksjonane vil verte betydeleg rusta opp, og fleire nye funksjonar vi kome til.

Skulebygget vil verte meir kompakt, i betydinga at det vert kortare avstandar mellom dei sentrale funksjonane. Dei ulike areala vert med dette meir tilgjengeleg og lettare å ta i bruk og utnytte i undervisninga.

På ein annan side vil det framleis vere slik at føringar i dei eksisterande bygga påverkar dei framtidige moglegheitene og løysingane for skuleanlegget. Eksisterande areal under bakkenivå, lange korridorar/transportareal er døme på areal som er vanskeleg å utnytte på ein tilfredsstillande måte sjølv etter ei ombygging.

I eit heilt nytt skulebygg på ny tomt kan ein planleggje og leggje til rette på ein heilt annan måte. Her vil det i langt større grad vere mogleg å få til gode, funksjonelle, fleksible og framtidretta løysningar. Her vil ein i langt større grad kunne planlegge plassering av ei ulike funksjonane i skulebygget i høve til kvarandre. Skuleanlegget vil få plass til fleire tilleggfunksjonar som vil kome både skulen og nærmiljøet til gode.

Arealutnyttinga vil og bli langt betre i eit nytt skuleanlegg enn ved ei vidareføring av eksisterande bygg.

Skulebygg og nærmiljø

Eit framtidretta skulebygg skal dekkje fleire funksjonar utover dei som er knytt til sjølve undervisninga. Ved å opne skulen for andre tenester og aktivitetar på dag- og ettermiddagstid, vert skulen eit naturleg samlingspunkt for nærmiljø og andre brukargrupper i kommunen. Dagens plassering i sentrum av Dale knyter skulen til andre verksemder i sentrum, og saman kan desse tenestane bidra til å halde liv i og utvikle eit levande sentrum. Alternativ plassering av ny skule i utkanten av sentrum vil ikkje i like stor grad gje dei same positive ringverknadane.

Gjennom god planlegging og tilrettelegging vil framtidens skulebygg på Dale kunne spele ei viktig rolle i høve til å ta vare på og vidareformilde lokalhistorisk forankring og identitet. I dette perspektivet er det vår vurdering at begge tomtene er sentralt plassert og godt egna.

Vidare drift av Vaksdal skule

Under føresetnad av at skulebygget rustas opp og settast i forskriftsmessig stand, vil skulen kunne drives vidare med ein klasse pr. årsteg. Det gamle Coop-bygget bør rivast og erstattast med påbygg på hovudbygget. Dette vil gjere skulebygget langt meir funksjonelt og elevane vil få tilgang på eit større og betre utemiljø.

Tilråding

Moglegheitsstudiane har vist at tomte for alternativ 1b samla sett er best egna for skuleanlegg, medan sjølve skulebygget i alternativ 2b vert mest funksjonelt, framtidsretta, fleksibelt og kostnadseffektivt.

Ei vidareføring av Vaksdal skule vil føre til at elevtalet på framtidas elevtal på Dale barne- og ungdomsskule ikkje vert høgare enn det dei to tomtealternativa vil kunne tåle. Samtidig vil ein vidareføring av skulen på Vaksdal føre til at elevane her i all hovudsak vil klare seg utan skuleskyss også i framtida.

Vi vil råde Vaksdal kommune til å vurdere nærare ei løysing som kombinerer dei to alternativ i moglegheitsstudia. Det vil seie å byggje ny skule på eksisterande tomt. Det vil gje skulen eit nytt og framtidsretta skuleanlegg på den etter vår vurdering best egna tomte.

8 Vedlegg

- Moglegheitsstudiet K600 skule i Dale alternativ 1 og alternativ 2
- Beskriving Dale BU utført av Norconsult AS
- Skildring Vaksdal skule, utført av Norconsult AS

Tilstandsvurderingar

- T005 Dale_ barne- og ungdomskole utført av Norconsult; datert 22.04.2015
- T006 Dale_ svømmehall utført av Norconsult; datert 22.04.2015
- T009_Vaksdal _ skule_ tilstandsvurdering utført av Norconsult; datert 17.04.2015
- T010_Vaksdal_SFO_tilstandsvurdering utført av Norconsult; datert 17.04.2015
- 0A Oppsummering all tilstandsvurderinger